

Saksnr.  
17/3734-8

Eining/avd/saksh.  
FELLESN//18JOHSJO

Arkiv  
005

Dato  
05.02.2018

## Referat

### Møtereferat 5.2.2018 felles kultur, identitet og symbol

Møtenummer:	Møtedato:
Deltakarar: Frode Bøthun, Rita Navarsete, Trude Risens. Forfall: Kjetil Kvåle, Aud Kari Isane. Sekretær : Johannes Sjøtun	Ref. sendt til: Frode Bøthun, Rita Navarsete, Trude Risens, Kjetil Kvåle, Aud Kari Isane. Kjellaug Brekkhus

#### 1. Gjennomgang av referat frå forrige møte.

Trude gjekk gjennom referat frå møte 15. januar.

#### 2. Informasjon frå andre kommunesamanslåingsprosessar

Rita: Stad kommune

Brei invitasjon til å komme med forslag til nytt kommunevåpen. Frist 15 mars. Planen er at produktet skal slutførast av profesjonelle med utgangspunkt i innkomne forslag.

*Mål med prosessen:*

- Klargjere sentrale element i identiteten til den nye kommunen
- Sikre brei involvering og profesjonalitet
- Nytt kommunevåpen implementert og teke i bruk frå 1. januar 2020

Det er i invitasjonen informert om følgjande reglar og avgrensingar som gjeld ved utforming av kommunevåpen:

- Våpen skal ha to farger: Sølv eller gull, pluss rødt, blått, grønt eller svart.
- Våpenet skal innehalde berre eitt motiv, men same motiv kan gjentakast.
- Motivet må kunne beskrivast eintydig med heraldiske faguttrykk.  
Motivet skal framstillast i rein flateteikning, utan bruk av perspektiv og skuggelegging.
- Karakteristiske trekk ved motivet skal framhevast.  
Motivet skal vere så enkelt at det er lett kjenneleg også i liten størrelse eller på lang avstand.
- Motivet skal fylle skjoldflatene godt.  
Våpenet må ikkje krenke rettighetane til andre våpeneigarar som ein behøver å ta hensyn til.

Trude: Molde kommune

### **Erfaringar frå kulturbyggingsgruppa Nye Molde kommune**

- samtale med Hilde Johansen, strategisk kommunikasjonsrådgjevar i prosjektstaben, jan 2018

Kulturbyggingsgruppa i nye Molde kommune har ansvar for å gjennomføre prosess vedr. nytt kommunevåpen og føreslå tiltak for felles identitetsbygging og profilering av den nye kommunen. Gruppa er samansett av 2 stk. tillitsvalgtrepr., 3 stk. ungd.rådsrepr (frå kvart u-råd), 3 stk. k-styre-repr., og administrasjonsressursar (2 stk). Gruppa har fungert godt, men praktiske utfordringar m.o.t å få til møter.

#### **Om oppdraget med å føreslå tiltak for felles identitetsbygging og profilering:**

Innleiingsvis brukte gruppa litt tid på å avklare gruppas rolle og oppdrag. Nokre deltakarar med ei forståing av at gruppa skulle vere ei «arrangementsgruppe», som planla og gjennomførte kultur- og identitetsbyggande arrangement. Etterkvart ei felles forståing av gruppa si tilretteleggande og aktivitetsstimulerande rolle. «Sette krefter og aktørar i sving – nedanfrå»

Har etablert ordninga «Bli Kjendt-fondet», som er ei tilskotsordning, der lag, organisasjonar og institusjonar kan søke støtte til tiltak og aktivitetar som bidreg til å bygge felles kultur og identitet på tvers av dei tre eksisterande kommunane. Kulturbyggingsgruppa har utarbeidd reglar for tildeling av tilskotsmidlar, forvaltar og tildeler midlane. Fellesnemnda har gjort endeleg vedtak om fondet, kriteria m.m.

*Ordninga er blitt svært godt motteken, mange søknader inn til fondet – har mobilisert mykje aktivitet, også ny aktivitet/nye grupperingar. Blei sett av kr. 200.000 i 2017 og kr. 500.000 i 2018. Det kan søkast om inntil kr. 10.000,- pr. tiltak/aktivitet.*

*Viktig oppfølgingsansvar for prosjektorganisasjonen, og for kulturbyggings-gruppa: Vere tilstades på enkelte arrangement, og spreie/kommunisere ut engasjementet og aktiviteten som blir skapt. Difor viktig å ha tilgjengelege kommunikasjonsressursar – kan ikkje lene seg på lokalmedia, sjølv om dei også er viktige medspelarar i formidlinga.*

I tillegg til «Bli Kjendt-fondet», har kulturbyggingsgruppa planar om enkelte arrangement, der gruppa/kommunen står som arr. Dette blir å rekne som supplement til hovudaktiviteten, som skjer gjennom fondet. Bl.a gjeld dette tiltak som «Kommunedag», der politikarar (frå alle eksisterande kommune-styra), tillitsvalgte, adm. prosjekt-ressursar har felles temasamling. Har hatt 1 slik samling i 2017, planlegg 2 stk i 2018.

Også planlar om å involvere alle dei politiske representantane i utvalde kultur-arrangement. Vise att – bygge relasjonar og tillit i lokalsamfunna.

#### **Om oppdraget med prosess nytt kommunevåpen – nye symbol:**

Gruppa såg føre seg at prosessen skulle fungere som ein mobiliserande og identitetsbyggande prosess i seg sjølv. Det har i mindre grad fungert slik. Har so langt vore ein «Hale og dra-prosess» - engasjementet for å involvere seg i kommunevåpen og symbol kjem ikkje av seg sjølv. Folk flest er ikkje så veldig engasjerte i dette. Meiner likevel at det har vore viktig å «opne opp prosessen». Det er alltid nokre miljø som er interesserte, og som har kasta seg på arbeidet. Nemner historiske miljø.

Prosess i fleire fasar:

Starta med brei ide-myldringsfase. Gjekk breitt ut og inviterte folk til å kome med innspel.

Kampanje sosiale media, ut i lokale media, kommunale nettsider, mm. Inviterte ingen spesifikt til å kome med bidrag. Til saman 30 innspel. Folk kunne velje om ein ville formidle gjennom teikning el tekst.

Kulturbyggingsgruppa har, etter førebuing frå prosjekt-org., gått gjennom alle innspela, analysert, og delt inn innspela i tema. Skal gjennom 2 møter jobbe med ei innstilling til fellesnemnda, som så skal velje endeleg tema å gå vidare med.

Deretter ein fase med konkurranse og oppnemning av jury som skal ta endeleg stilling til finalistar og innstille på vinnar av konkurranse. Samansetnad jury er pr. no ikkje bestemt.

Vi får tilsendt saksgrunnlaget som går til juryen, truleg no i midten av feb. Trude held kontakten.

**Andre moment:**

Kulturbyggingsgruppa har valgt å ikkje jobbe med visjon, slagord, kjerneverdier. Blir handtert i prosessar knytt til kommuneplan.

Grafisk profil vil truleg kome etterkvart, men er ikkje prioritert i første omgang.

**3. Tidsplan for arbeidet med kommunevåpen og slagord**

Framlegg til tidsplan «kommunevåpen og slagord» vart gjennomgått og justert.

- Dato for neste møte sett til 8. mars. Videomøte. Trude, Rita og Kjetil i Sogndal, Aud Kari, Frode og Johannes i Balestrand.
- Møte i fellesnemnda 8.mars er gått ut, difor kan ikkje endeleg framlegg til plan frå gruppa bli godkjent før i møte i Fellesnemnda 5.4.
- Gruppa ser det ikkje som rasjonelt å opprette eiga facebookside for sitt delprosjekt
- Gruppa ønskjer å avgrense konkurransen - prosessen bør ikkje omfatte grafisk profil

**4. Kommunikasjon- samhandling med Sogn Avis.**

Avisa, representert ved journalistane Mariann Skau og Sigrid Nese, var invitert til å delta på møtet under dette pkt. fordi dei har bestemt å setje spesiell fokus på kommunesamanslåingsprosessen i tida framover. Gruppa ønskjer difor å nytte høvet til informere om sitt arbeid og drøfte vidare samarbeid.

Trude skisserte kort korleis nemnda ser føre seg at konkurranse om kommunevåpen skal gjennomførast, der ein vil invitere breidt for å skape engasjement.

Erfaring tilseier at det kan vere vanskeleg å skape stort engasjement berre med eit invitasjonsbrev og generell kunngjering som utgangspunkt.

I tillegg til å brei invitasjon kan det difor bli aktuelt å satse meir spissa inn mot einskildgrupper, som t.d.ein bestemt klassesjette i grunnskulen eller ungdomsskulen. Denne gruppa må få særskild oppfølging m.a. gjennom avisomtale i Sogn Avis. Innkomne forslag kan presenterast i avisa.

**5. Ymse**

-Gruppa vil gjere framlegg om «bli kjent fond» etter modell frå Molde. Ein kan då yte økonomisk støtte til organisasjonar som gjennom ulike arrangement engasjerer deg for å bygge felles kultur, skapar felles arenaer og legge til rette for at folk/grupperingar kan møtast.

-Ein ønskjer å avgrense «konkurransene» og prosessen omkring dette til å handle om kommunevåpen – altså ikkje grafisk profil. Innspel kan gjerne vere tekst, ikkje berre teikning.

- Budsjett og ressursar må avklarast før planar vert iverksette. Det er likevel ønskjeleg å kunne invitere til «konkurranse» om kommunevåpen i mars. Sekretær lagar framlegg til invitasjon til neste møte.

**Neste møte Torsdag 8 mars. Kl 09.00 – 11.00. Videomøte.** (Sogndal og Balestrand. Nærare avtale om plassering i Sogndal vert gjort seinare).

Johannes Sjøtun  
ref

Vedlegg: Tidsplan «kommunevåpen og slagord».